

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.01.2021

SAKSHANDSAMAR: Børge Tvedt

SAKA GJELD: **Høyring - Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) 2021**

ARKIVSAK: 2020/10395

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
29.01.2021

STYRESAK:
006/2021

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret sluttar seg til administrerande direktør sitt høyringsbrev til regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling i Helse Vest.

Oppsummering

Regional plan for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) gir retning og prioritering i fire prioriterte område. Realisering av tiltaka i planen for vidare utvikling av tverrfagleg spesialisert rusbehandling krev prioritering i samsvar med nasjonal helse- og sjukehusplanen og styringsdokument.

Fakta

Helse Vest har i brev av 09.12.20 bede om innspel til regional plan for TSB. Helse Førde har delteke i arbeidsgruppa med to tilsette, og planen har og hatt forankring i møte med direktørane for psykisk helsevern og TSB i føretaka i Helse Vest.

Det har vore god involvering av helseføretaka, kommunane og dei private leverandørane innanfor TSB. Den planlagde innspelsprosessen har blitt tilpassa føringane og avgrensingane som pågåande pandemi har medført.

Planen er utarbeidd i nytt format, og er pilot for konseptet «Neste generasjon plan» i Helse Vest. Planen har eit godt format, og vi støttar at det er gjort prioritering i fire område:

1. Digitale tenester – samhandling med pasientane
2. Identifisering av pasientar i somatiske einingar som har alkohol- eller opiatavhengigheit
3. Pasientforløp mellom kommune, TSB og psykisk helsevern for ROP pasientar
4. Informasjonsflyt, pasientforløp og prioritering

Helse Førde støttar dei konkrete måla, tiltaka og indikatorane som er laga til kvart innsatsområde. Det er viktig å lytte til innspela frå brukarorganisasjonane som peikar på at tenesta framleis er oppstykkka og ofte utan samanheng, og planen skisserer tiltak som kan betre dette.

Realisering av tiltaka i planen for vidare utvikling av tverrfagleg spesialisert rusbehandling krev prioritering av TSB i samsvar med nasjonal helse- og sjukehusplan og styringsdokument.

Høyringsbrev er utarbeidd av psykisk helsevern, men med opning for innspel frå dei andre klinikkane og fag- og utviklingsavdelinga. Det har vore henta inn innspel i linja i avdelingane, og høyringsbrev er handsama i avdelingsjefsmøte og klinikkråd i psykisk helsevern.

Konklusjon

Administrerande direktør rår styret til å slutte seg til høyringsbrevet.

Vedlegg:

1. Høyringsbrev frå Helse Vest
2. Helse Førde sitt høyringsbrev